# Nyskapande frå ung årdalsjente

**ÅRDAL:** – Eg brenn skikkeleg for språk og friluftsliv. Kunne eg laga noko ut av desse interessene, som ville eg det. Dette seier årdalsjenta Tove Jane Fjeldstad. Og ho fann fellesnemnaren i nyskapinga New 2 Norway, eit eige selskap som driv norskopplæring med ein kulturell vri.



**KULTUR OG SPRÅK:** *Tove Jane Fjeldstad tilbyr norskopplæring der natur og kultur er viktige ingrediensar. Her frå ein sykkeltur til 1000-meteren i Årdal med Hurrungane i bakgrunnen.*

– Eg ville gje tilbod om norskopplæring samstundes som dei fekk oppleva norsk kultur og natur. Difor etablerte eg dette selskapet.

## Jotunheimen

Fjeldstad er busett i Oslo, men reiste til heimbygda for å finna skikkeleg norsk natur i helga. To studentar var med, og norskopplæringa starta alt på Lysaker. I Årdal var det opphald på Sletterust, sykkeltur til 1000-meteren,tur til Turtagrø, Skogadalsbøen og Vetti. Totalt fekk studentane med seg 30 leksjonar, og eit solid stykke norsk natur og kultur. (Fjellaure og molter i «Damvoktaren» på Sletterust, blant anna).

– Målet er å gje utlendingar ei meir heilskapleg oppleving av den norske kvardagen. Språk er meir enn ord, språk er også kultur og liv. Tanken er

## Barrierar

Dermed blir både språkbarriera og den sosiokulturelle barriera broten ned på ein rask og smidig måte.

det er ope for alle som ynskjer å læra seg norsk på ein meir omfattande måte. Norske Skog, Novartis Norge AS og hakon-gruppen er blant Fjeldstad sine kundar.

tet sitt til hausten, der ho vil tilby ei totalpakke ved å ta hand om kunden frå den dagen han eller ho set foten på norsk jord. Selskapet vil og kunna ta hand om det meste i flytteprosessen,